

Årsmelding for sesongen 2016

Me har ikkje vore flinke til å kalla inn til styremøte dette året heller, men me trur drifta likevel har vore i gode hender. Stort sett har Oddvin, Ole og Jan teke seg av turneringane.

Det har vore eit godt samarbeid med baneigarane

I meldingsåret har me hatt seks golfturneringar og sju P&P turneringar. Me avslutta året med nattgolf, eit arrangement som alle tjue deltakarane sette stor pris på. Det vart rekorddeltaking på "Tysnesfest Open", der me måtte setja eit tak på tretti deltakarar.

Tidlegare år har me hatt alle turneringane i helgane. Dette året var golf- turneringane på mandagane kl.17.00

I tillegg til dette har klubben delteke i Ryder cup, ei P&P-lagturnering mellom Tysnes GK, Kristornskogen GK og Stord GK. Me gjorde det ganske bra, og havna på tredje plass.

Me takkar for støtta frå sponsorane våre og håpar dei blir med vidare. Ei spesiell takk til Joker Ugddal som sponsa oss med premiar til nattgolven og Byggeriet som sponsa "Vestlandsmeisterskapet"

Oddvin står for drifta av kiosken, noko me er svært takksame for. Han held òg folk godt oppdatert på "Tysnesingen" både før og etter turneringane. Ole held liv i "Facebook" medan Jan driftar heimesida.

Styret for 2016 var:

Oddvin Flornes, Frode Kleppe, Sveinung Aarskog, Ole Rosvold og Jan Vaage.

Vara: Atle Andersland.

Jan Vaage

-leiar-